

Vedtekter for verneområdestyret for Geiranger-Herdalen

Miljødirektoratet har med heimel i naturmangfaldlova § 62 andre ledd og tredje punktum, jf delegering av mynde frå Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet i brev av 20. oktober 2015, jf. kongeleg resolusjon av 9. oktober 2015 fastsett følgjande vedtekter for verneområdestyret som gjeld frå 1. februar 2020:

1. FØREMÅLET MED VEDTEKTENE

Føremålet med desse vedtektene er å leggje til rette for ei heilskapleg og kunnskapsbasert forvaltning av dei verneområda styret har ansvaret for. Vedtektene skal sørge for at verneområdestyret skal kunne oppfylle føremålet med vernet i tråd med nasjonale mål og internasjonale plikter.

2. STYRET SITT MYNDE

Verneområdene skal forvaltast av eit verneområdestyre, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, innafor ramma av naturmangfaldlova, inkludert lovkapittel II Alminnelege føresegner om bærekraftig bruk, lovkapittel V Områdevern og verneforskrifter for dei einskilde verneområda.

Verneområdestyret er å rekna som ein juridisk person med mynde til å inngå avtaler og ta på seg plikter innafor dei økonomiske rammene som styret disponerer.

3. GEOGRAFISK VERKEOMRÅDE

Verneområdestyret skal ha forvaltingsansvaret for følgjande verneområde:

IID	Områdenavn	Verneform
VV00002331	Geiranger-Herdalen	Landskapsvernområde
VV00001387	Kallskaret	Naturreservat
VV00002204	Hyskjet	Naturreservat

4. VERNEOMRÅDESTYRET SINE MEDLEMMER, OPPNEMNING, SAMANSETJING MV

Samansetjinga av styret skal følgje krava til kjønnsfordeling i likestillingslova § 28.

Verneområdestyret skal ha 3 medlemmer med personlege varamedlemmer som møter når det faste medlemmet har forfall. Verneområdestyret vert oppnemnt av Miljødirektoratet etter innstilling frå kommunane med areal i verneområda og fylkestinget i Møre og Romsdal.

Kvar kommune skal være representert med eit medlem og innstiller ei kvinne og ein

mann blant kommunestyret sine medlemmer. Fylkeskommunen skal vere representert med eit medlem frå fylkestinget/fylkesrådet, og innstiller ei kvinne og ein mann blant fylkestinget/fylkesrådet sine medlemmer.

Oppnemningsperioden for medlemmene følgjer valperioden for kommunestyret og fylkestinget.

Verneområdestyret vel sjølv sin leiar og nestleiar.

5.OPPRETTING AV ARBEIDSUTVAL

Styret kan velja eit arbeidsutval med personar frå styret.

Styret kan gje arbeidsutvalet mynde til å gjere vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskriftene i ein skilde saker som ikkje har stor påverknad på verneverdiane. Arbeidsutvalet sine vedtak skal vere innafør ramma av prinsipp fastsett av styret for dei ulike saksområda i tråd med naturmangfaldlova/verneforskriftene.

6. VERNEOMRÅDESTYRET SITT SEKRETARIAT

Sekretariatet for verneområdestyret består av ein eller fleire verneområdeforvaltar(ar) som vert tilsett av Fylkesmannen i Møre og Romsdal i dialog med styret.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har personalansvaret for verneområdeforvaltaren(ane).

6.1 Forvaltar si rolle

Forvaltaren skal i samråd med verneområdestyret sørge for einskapleg og heilskapleg forvaltning av verneområda uavhengig av administrative grenser. Forvaltaren sin hovudfunksjon er å vere sekretariat for verneområdestyret og fagleg førebu alle styresaker. Forvaltaren skal gjennom si sakshandsaming bidra til at styret forvaltar områda i samsvar med naturmangfaldlova og verneforskriftene, og følgjer forvaltingslova sine føresegner.

Forvaltaren er underlagt styret i forvaltninga av verneområda. Vedtak forvaltaren fatter ved delegert mynde etter pkt. 6.2 skal gjerast i tråd med naturmangfaldlova, verneforskriftene og eventuell forvaltingsplan. Der det ikkje føreligg godkjend forvaltingsplan skal styret vurderer om det skal gis særskilde retningslinjer for handsaminga av denne typen saker.

6.2 Styret si rolle til forvaltar

Styret kan gje forvaltar mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter. Med kurant karakter er meint følgjande:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskriftene om ferdsle og motorferdsle.

- Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsreglar i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:

- a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
- b) Det føreligg etablert forvaltingspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak.
- c) Forvaltingsplanen gir eintydige føringar for utfallet.

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.

Styret disponerer forvaltar si arbeidstid. Betalt overtid skal avtalast særskild med fylkesmannen.

6.3 Fylkesmannen si rolle til forvaltar

Ved søknad om permisjon, langtidsfråvær, eller der forvaltar seier opp stillinga si, skal fylkesmannen i dialog med styret kome til semje om korleis forvaltar sine arbeidsoppgåver skal løysast inntil forvaltar er tilbake, eller ny forvaltar er tilsett.

Klima- og miljødepartementet har utarbeidd ein eigen instruks for prosessen knytta til tilsetting av nasjonalpark-/verneområdeforvaltar.

7. OM MØTENE I VERNEOMRÅDESTYRET

Kommunelova kap. 6 om sakshandsaming i folkevalde organ skal brukast så langt ho passar, med dei tilpassingar som er fastsett i denne vedtekta. Kommunelova § 40 gjeld tilsvarande.

Styret bør tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer. Leiaren pliktar å kalle inn dersom minst ein tredel av medlemmene ønskjer det.

Varsel om innkalling til møte i verneområdestyret skal skje med 2 vekers varsel. Endeleg innkalling med saksdokumenta skal sendast 1 veke før møtet. Styret avgjer sjølv om det vil ta opp eventuelle saker som vert ettersende seinare enn dette.

Det skal førast protokoll frå møta. Styreleiar og eit medlem som vert vald ved møtestart, skriv under protokollen. Eventuelle protokolltilførsler må setjast fram i møtet. Forvaltar si tilråding til vedtak skal gå fram av møteprotokollen.

I dei tilfella der styret sitt vedtak har eit anna utfall enn forvaltar si tilråding til

vedtak, må styret si grunngjeving for val av anna utfall kome fram i vedtaket.

For at forvaltingsstyret skal vere vedtaksført må minimum halvparten av medlemmene vere til stade. Vedtak vert fatta ved alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal har leiaren dobbelrøyst.

8. STYRET SINE OPPGÅVER

Medlemmene av styret skal forvalte verneområda i samsvar med internasjonale plikter, naturmangfaldlova og verneforskriftene for det einskilde verneområdet.

Alle medlemmene i styret har eit felles ansvar for ei heilskapleg forvaltning av verneområda kor ivaretaking av verneverdiane og verneførmålet er hovudoppgåva.

8.1 Forvaltingsplan

Styret skal utarbeide/revidere forvaltingsplanar for verneområda. Oppstart av planarbeidet bør skje i dialog med Miljødirektoratet. Forvaltingsplanar skal utarbeidast innafør ramma av naturmangfaldlova og verneforskriftene. Forvaltingsplanen skal konkretisere korleis ein kan nå føremålet med vernet, og skal innehalde ein fleirårig tiltaksplan og ein besøksstrategi. Utkast til forvaltingsplan skal sendast til direktoratet for fagleg gjennomgang før høyring. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Miljødirektoratet.

8.2 Skjøtsel og besøksforvaltning

Som forvaltingsstyresmakt skal styret ut frå naturmangfaldlova § 33 og verneføremålet i dei einskilde verneforskriftene vurdere behov for og naudsynt gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging. Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging skal, jf. §§ 35 og 36 siste ledd, inngå i en forvaltingsplan godkjent av Miljødirektoratet. Forvaltningstiltak vert sett i verk på eit kunnskapsbasert grunnlag i samsvar med vedtekne forvaltingsplanar/skjøtelsplanar.

Styret kan som forvaltingsstyresmakt leggje til rette for at verneområda sitt potensial for verdiskaping vert utnytta innafør ramma av verneforskriftene og naturmangfaldlova. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltingsplanane som omhandlar besøksstrategi. Styret skal ikkje opptre som næringsaktør, men bør i denne samanhengen innleie til eit samarbeid med lokalt reiseliv/øvrig reiseliv, samt det autoriserte besøkssenteret.

Verneområdestyret skal utarbeide årlege prioriteringar av skjøtels- og forvaltningstiltak i verneområda i tråd med den fleirårige tiltaksplanen.

Styret skal etablere eit nært samarbeid med Statens naturoppsyn lokalt. Styret vert tildelt midlar til skjøtsel og forvaltning til prioriterte tiltak i høve til vedtatte forvaltingsplanar/skjøtelsplanar etter søknad til Miljødirektoratet. Tildelingane skjer ut i frå dei budsjettmessige rammene det einskilde året. Verneområdestyret prioriterer

bruken av dei tildelte midlane. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjend forvaltings-/tiltaksplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

8.3 Avgjerder som styresmakt

Styret har mynde til å treffe vedtak etter verneforskriftene. Styret har også mynde til å gje dispensasjonar etter naturmangfaldlova § 48, jf. § 77 andre punktum.

8.4 Grensemerking

Styret har ansvar for at det vert gjennomført naudsynt grensemerking og vedlikehald av merkinga i verneområda. Merkinga skal utførast etter retningsliner gjeve av Miljødirektoratet.

8.5 Informasjon

Som forvaltingsstyresmakt skal styret i besøksstrategien vurdere behovet for særskilde informasjonstiltak. Styret er hovudansvarleg for informasjonstiltak og skal utføre dette i samsvar med Miljødirektoratet sin merkestrategi.

Styret har ansvar for at Naturbase er oppdatert og viser til gjeldande forvaltingsplan og/med besøksstrategi.

8.6 Brot på naturmangfaldlova/verneforskriftene, rapportar og melding til politiet

Styret har som forvaltingsstyresmakt eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på verneforskriftene som styret får kjennskap til blir rapportert/meldt til politiet dersom det er grunn til å tru at forholdet er straffbart.

Kopi av melding/rapport til politiet, samt avgjerd frå politiet skal sendast Fylkesmannen og Miljødirektoratet. Der administrative sanksjonar er aktuelt jf naturmangfaldlova kap. IX, skal styret sende over ein rapport om forholdet til Fylkesmannen - med kopi til Miljødirektoratet.

8.7 Orientering om vedtak

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal ha tilsendt kopi av alle vedtak fatta av verneområdestyret, verneområdeforvaltaren eller arbeidsutvalet.

Vedtak styret, forvaltaren eller arbeidsutvalet har fatta i medhald av naturmangfaldlova og verneforskrifta skal fortløpande registrerast i Miljøvedtaksregisteret.

8.8 Rapportering om forvalting

Styret har ansvar for årleg å rapportere om forvalting til Miljødirektoratet og Fylkesmannen etter fastsette malar.

9. RÅDGJEVANDE UTVAL

Styret skal oppnemne eit rådgjevande utval. Utvalet skal bestå av representantar for dei ulike interessene i området, som m.a. grunneigarar, andre offentlege organ som det

angår særleg som til dømes friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjonar, mellom anna natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Verneområdestyret bør ha minst eit årleg dialogmøte med rådgjevande utval.

10. ADMINISTRATIVT KONTAKTUTVAL

For å sikre at forvaltinga av verneområda blir godt integrert i den kommunale forvaltinga, bør styret oppnemne eit administrativt kontaktutval med representantar frå administrativt nivå i dei ulike kommunane.

11. TILSYN

Statens naturoppsyn har tilsynsmynde i områda, jf. lov om statleg naturoppsyn.

12. KLAGEADGANG, KLAGEINSTANS OG KLAGEHANDSAMING

Fylkesmannen har klagerett på vedtak fatta av verneområdestyret jf. naturmangfaldlova § 62 tredje ledd siste setning. Elles gjeld dei alminnelege reglane om rett til å klage.

Klage på vedtak fatta av styret, må vurderast/klagehandsamast av styret med mindre det er avtalt at saka kan handsamast av AU/forvaltar.

Dersom det vert klaga på vedtak fatta av AU/forvaltaren etter delegert mynde, skal klagen vurderast/klagehandsamast av styret/arbeidsutvalet før den eventuelt vert sendt over til Miljødirektoratet som endeleg klageinstans.

Miljødirektoratet er endeleg klageinstans for vedtak som styret/ forvaltar har fatta som forvaltingsstyresmakt.

13. INSTRUKSJON, TILBAKEKALLING AV DELEGERT MYNDE

Dersom føresetnadene for delegering av forvaltingsmynde vert vesentleg endra, har styret plikt til å informere Miljødirektoratet.

Miljødirektoratet kan gripe inn gjennom instruksjon, eller eventuelt tilbakekalling av delegert mynde dersom forvaltinga av verneområda ikkje er i samsvar med naturmangfaldlova og verneforskriftene.

14. ENDRING AV VEDTEKTENE

Miljødirektoratet kan endre desse vedtektene.